

Fra: Rydland, Vidar [vidar.rydland@lindas.kommune.no]
Sendt: 2. november 2007 15:16
Til: Resløyken Hanna Norum
Emne: Høyringsuttale - BPA.

Viser til telefonsamtale i går, der det vart gjeve aksept for å senda høyringsuttale i dag, sjølv om fristen var i går. Her kjem nokre synspunkt frå Lindås kommune:

1.. "I hvilken grad vil de foreslåtte endringene føre til at et større antall brukere vil ønske tjenestene organisert som BPA?"
Vanskeleg å seie noko presist om dette. Ved ev. endringar i reglane kan ein anta at litt fleire brukarar vil ønskje BPA i staden for eksisterande tenestetilbod, men det er vanskeleg å seie noko konkret om kor mange brukarar dette vil dreie seg om.

2.. "Fra hvilke grupper (type funksjonshemming, diagnose, alder) vil dette særlig skje?"
Vanskeleg å svare presist. Type funksjonshemming/diagnose kan vere innanfor psykisk utviklingshemma, ADHD, Asperger/autisme, CP, og ymse fysiske funksjonshemmingar, - ev. ein kombinasjon av fleire funksjonshemmingar/diagnosar. I mindre omfang/einskilde tilfelle kan BPA vera aktuelt som tenesteyting også overfor barn/ungdom med uspesifiserte psykiske funksjonshemmingar og ev. generelle lærevanskar, innanfor psykisk helse vedk. unge og vaksne, rusproblematikk, - og andre område, BPA vil truleg vera aktuelt for fleire brukarar under 40 år enn over denne alderen. Men når ein brukar først har fått innvilga BPA som tenesteform, vil aldersvariabelen truleg jamne seg meir ut over tid.

3.. "Hva vil være omfanget på den praktiske bistanden (tjenesteomfanget) til disse gruppene?"
Ved ei grense på 20 timar pr. veke vil det truleg vere fleire brukarar med tenesteomfang under 20 timar enn over denne grensa.

4.. "Hvordan kan dette påvirke de økonomiske og administrative konsekvensene av ordningen (for kommunen, og for staten)?"
Føresett at fleirtalet av brukarar har eit tenesteomfang av BPA på under (f. t.) kr. 770.000 pr. år., og at noverande tilskotsordning i kap. 761, post 66 vil falla bort, vil dette føra til større utgifter for kommunen. Administrative konsekvensar for kommunen vil vere avhengig av kor mange brukarar som vel kommunen som arbeidsgjevar, og kor mange som vel eit anna alternativ for arbeidsgjevaransvaret. Det er vanskeleg for kommunen å seie noko om kva økonomiske og administrative konsekvensar dei føreslåtte endringane vil føra til for staten sin del.

5.. "Bør kommunen eller brukeren bestemme arbeidsgiverforholdet?"
Vi tilrår ei prøveordning på 5 år, der brukar kan få bestemme arbeidsgjevarforholdet, før det vert teke endeleg stilling til dette spørsmålet.

6.. "Bør kommunen bestemme hvem som skal være assistenter?"

Vi tilrår ei prøveordning på 5 år, der brukar kan få bestemme kven som skal vere assistentar, før det vert teke endeleg stilling til dette spørsmålet.

7.. "Bør kommunen, pårørende eller hjelpeverge ha arbeidslederansvar dersom brukeren selv ikke er i stand til å ivareta dette?"

Som regel vil det vere mest aktuelt for pårørende å ha arbeidsleiaransvar på vegne av dei brukarane som ikkje er i stand til dette sjølv, - i einskilde saker kan også kommunen vere aktuell som arbeidsleiar. Ein finn det lite naturleg at hjelpeverge bør ha denne oppgåva, utan at ein vil utelukke dette heilt. I desse sakene bør godtgjering til arbeidsleiar vurderast. - Vår erfaring tilseier elles at foreldre til mindreårige funksjonshemma kan ha ulik oppleving av kva som er det mest ønskelege i deira situasjon. Nokre vil svært gjerne ta på seg arbeidsleiaransvaret for assistentar til si dotter eller son, medan andre vil synast dei har meir enn nok med alle andre oppgåver i høve til barnet si funksjonshemming. Dette bør difor vurderast særskilt i kvar einskild sak.

Til slutt vil vi ta med nokre viktige punkt frå høyringsnotatet (sitat) som vi gjerne vil understreke spesielt:

1.. "Flere undersøkelser og evalueringer peker på opplæring og utvikling av arbeidslederrollen som avgjørende for at BPA-ordningen skal fungere godt."

2.. "En avgjørende forutsetning for å lykkes er forutgående opplæring av assistenter og brukere, og oppfølging/veiledning etter at BPA-ordningene er etablerte."

3.. "Dersom arbeidsforholdet mellom bruker og assistent ikke fungerer på en tilfredsstillende måte, er det viktig at det kan bringes til opphør på en enkel og ryddig måte."

4.. "Den foreslåtte endringen i bruk av den statlige tilskuddsordningen til BPA (kap 761 post 66) vil kunne medføre en viss økning av utgifter for en del kommuner."

Vi har dei seinare åra opplevd eit gradvis større avvik mellom pålagte kommunale oppgåver og tilgjengelege ressursar for å kunne løyse oppgåvene. Dette registrerer vi på område etter område i kommunal sektor. Vår erfaring er at dette lett går ut over tenestekvalitet for brukarane og arbeidsmiljø for dei tilsette. Det er viktig at staten til kvar tid er merksam på denne problemstillinga, slik at ein kan unngå situasjonar ein helst ikkje ønskjer seg.

Med helsing

Vidar Rydland

Tlf. 56 37 51 53

